

## Årsmelding for meldingsåret (årsmøtet 2024 til årsmøtet 2025)

Styret har hatt 4 styremøte; i mai, november, februar og mars. Planlagt styremøte kombinert med studieturen «Osterøy til vanns» i august vart utsett.

**Konstituering av nytt styret** vart som følgjande;

Styreleiar (attvald for 1 år på årsmøtet) Anne Liv Soldal

Nestleiar Sigmund Simmenes (attvald til styret for 2 år på årsmøtet)

Skrivar Ågot Gammersvik (attvald til styret for 2 år på årsmøtet)

Kasserar Knut Farestveit (vald til styret for 2 år på årsmøtet i 2023)

Styremlem Kjell Ingar Alvheim (tidlegare varalem til styret og no vald til styret for 1 år på årsmøtet)

Varalemene var valde på årsmøtet for 1 år og desse har vore:

1. varamann Nils Arne Ekerhovd
2. varamann Gunnar Strand

Fjordtur med DS Oster rundt Osterøy var ein populær studietur i august (båten var fullasta med over 100 deltakarar) Vaksdal historielag ved Sigmund Simmenes hadde gjort eit svært godt førebuingarbeid. Sigmund er «lommekjend» og informerte oss mest samanhengande i dei 8 timane turen varde. Ingen fekk «landkjenne», men leiar i Osterøy sogelag Geir Kleiveland planlegg studietur Osterøy til lands siste laurdagen i august (bussen tek om lag halvparten av det DS Oster gjorde)

Ågot Gammersvik representerte regionslaget på «frivillighetens konferanse» i Bergen 28. september. 8. mars i år var det Anne Liv Soldal som deltok på liknande kurs i regi av Vestland fylke.

Knut Farestveit er vald inn som varamann til landsstyret.

Rekneskapet er «ført i pennen» av Anne Liv og godkjent av revisorane våre gjennom mange år; Harald Lindvik og Einride Aakre . Kontoutskrifta gjev god informasjon om transaksjonane og såleis slepp ein mykje utskrift av ekstra bokføringsgrunnlag.

Styremlemene arbeider godt saman og styremøta vert godt gjennomførte . Bergenhus festningsmuseum er veileigna med høveleg rom, gratis parkeringsplass og god kaffi.

Lokallaga betalar stort sett medlemspengane ved forfall. Vedtektene er endra slik at alle kan senda minst 2 delegatar til årsmøtet. Alle medlemmer har tilgang til lokalhistoriske dagar og observasjonsplass på årsmøtet. Vona er at Vestland fylke skal støtta oss økonomisk slik Hordaland fylke gjorde før. Sogn og fjordane har ikkje regionslag.

Nettsida vår Hordaland sogelag.no bør verta oppdatert oftare. Leiar i Hordalag sogelag ynskjer tilsendt namn på leiar og kasserar i lokallaga like etter dei har hatt årsmøtet sitt.

Landsmøte vert halde i Stavanger 23-25. mai. Dette møtet vert arrangert annakvart år. Programmet ligg ute på nettsida <https://landslaget.org/aktuelt/> Frå Hordaland sogelag er Sigmund Simmenes, Ågot Gammersvik og Knut Farestveit påmelde.